

Bergen Tekniske Fagskole avd. Voss

Hordaland Fylkeskommune

Vedlegg 1

Proessen slik eg, fagsansvarleg Ivar Flatabø ved Voss tekniske fagskule har opplevd den:

- Etter 5. november: Skulen fekk innkalling til styremøte i Hordaland Fagskulestyre. Innkallinga var adressert til tidlegare rektor Odd Kløve
15. november: Eg fekk innkallinga.
- 16.november: Eg tok kontakt med Adeline Landro/Torbjørn Tvedt for å høyra om eg skulle møta på dette møtet. Det var ikkje aktuelt. Eg la derfor sakspapira vekk.
- 22.november: Skulen var kalla inn til på BTF vedr. gjennomgang av årsmeldinga til skulen. Eg møtte for skulen til dette møtet. Før møtet kom rektor Torbjørn Tvedt å lurte på om eg hadde sett at dagklassane på Voss ikkje skulle opprettast, men erstattast med fyrste året på nett. Han spurte og kor mange årsverk det er på Voss.(Han hadde tydeleg vis ikkje sett på kva konsekvensar dette ville føre til.). Under møtet sende Ivar mail til rektor Line Skage og ass. rektor Sveinung Hansen og informerte om kva som hadde hendt.

Det hadde ikkje vore noko informasjon i forkant av dette.

25. november: Eg informerte tillitsvald ved skulen Leif Johan Mandelid (UF). Han tok umiddelbart kontakt med hovudtillitsvalt og informerte om saka. Ass. rektor Sveinung Hansen laga eit rekneark for å syna konsekvensane av ei slik omlegging. Proessen med tillitsvad gjekk vidare med korrespondanse.
28. november: Sveinung Hansen, Leif Johan Mandelid og eg hadde då eit møte der me gjekk igjennom både konsekvensar og vidare saksgang. I møtet tok me kontakt med Toralv Mikkelsen og informerte han. Det vart bestemt at han ville komma opp til skulen på eit møte måndag den 3. desember. Eg orienterte same dag lærarane på fagskulen.

Bergen Tekniske Fagskole avd. Voss

Hordaland Fylkeskommune

2. desember: Møte med Toralv Mikkelsen. Fylgjande var tilstades i dette møtet: Sveinung Hansen , Leif Johan Mandelid(UF) og eg. Me orienterte kva som hadde skjedd og Toralv Mikkelsen gav uttrykk for at han heller ikkje var klar over dette. Sveinung hadde laga ei oversikt over konsekvensane for dette og kva det ville føra til for lærarane på Voss tekniske fagskule. Toralv Mikkelsen lova at han skulle ta dette opp med dei andre styremedlemmane i fagskulestyret dagen etter.
3. desember: Innkallinga til møtet på Voss mottok eg same dag frå Adeline Landro. Møtedato er 8. januar 2014, jfr. mail.Vedlegg 4
4. desember: Tilbakemelding frå Toralv Mikkelsen. Han hadde teke saka opp i 2 omgangar. Han orienterte samtlege politikarar i fagskulestyret om møtet på Voss. Han orienterte deretter Adeline Landro og styreleiar Roald Stenseide. Rektor ved BTF Torbjørn Tvedt vart deretter varsla om at politikarane i fagskulestyret ville ha ei orientering om saksgangangen og dialogen med miljøet på Voss. Det vart bestemt at dei involverte skulle møtast på Voss før styremøtet den 9.januar 2014.
5. desember: Toralv Mikkelsen ringjer og spør om eg har motteke melding frå han. Han meinte me burde forfatta eit brev til fagskulestyret der me legg fram saka slik at dette vert diskutert på møtet den 9. januar. Rektor Line Skage, Sveinung Hansen og eg hadde eit møte der me oppsummerte kva som hadde skjedd fram til no. Me vart einige om fylgjande:
Rektor Line Skage ser på tilsettinga til lærarane ved fagskulen. Eg finn dato for møte der ein skal forfatta brev til styret. Dette møte vert på Bryn torsdag 12. desember. Fylgjande møter der. Kai S. Hysing, Line Skage, Sveinung Hansen, Leif Johan Mandelid og eg.
- 12.desember: Opplæringsdirektør Svein Heggheim vart orientert om saka